

Uttransport av tømmer frå Nedre Fet

23.01.2017



Kartet syner noko av hogsområde med skogsveg og plassen for uttransport.

Skogshogsten på Tressplass og Nedre Fet held fram med full styrke. Det vert hogge på grunneigarane Geir Enes, Harald Hjønnvåg og Jostein Saghaug. Det vert mellom gjort for å unngå skade på høgspentlina frå Sekundærstasjonen mot Eik. Kvinnherad Energi gjer arbeidet og entreprenøren er Hjelmeland Hogst og Service. Tømmeret vert levert til Vestskog.



Store mengder tømmer vert transportert ut frå plassen ved Eikebrua.

Transportfirma Austestad står for transporten til Børneskaien. Vidare transport går med skip anten til Granvin, Skogn, Follafos eller Wismar i Tyskland. Så langt vi kjenner til går slip til Skogn eller Follafoss for produksjon av cellulose eller kartongmasse. Skur går til sagbruket i Granvin. Noko går til sagbruk i Wismar. Det meste her vert skore til plank.

Det er til no teke ut om lag 350 kubikk i utmarka til Elin og Geir Enes. Det er tilsvarende mengder hos Harald Hjønnvåg. Kubikken hos Jostein Saghaug er noko mindre. Det er enno usikkert om ein kan ta ut meir skog i lia opp mot Storhaug. Det har samanheng med kryssinga av traseen der den 70 år gamle hovudvassledningen ligg. Det vert arbeid med å finna ei løysing.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal